

NVE v/Konsesjonsavdelinga (nve@nve.no)
PB 5091 Majorstua
0301 Oslo



Dykkar ref.: 201502307/eibj@nve.no
Vår ref.: 1375315 / 5 + 1212005 / 22

31.01.2018

SVELGEN 1 OG 2 FORNYING AV REGULERINGSKONSESJON. SVELGEN KRAFT SINE KOMMENTARAR TIL INNKOMNE HØYRINGSFRÅSEGN.

1. Innleiing

Innleiingsvis vil Svelgen Kraft belyse nokre synspunkt som vi meiner det er særleg viktig at NVE tek omsyn til ved handsaming av fornyingssøknaden:

Kraftverka Svelgen I og II har ei 100 år gamal historie som er direkte knytt opp mot industrisamfunnet i Svelgen. Anlegga vart bygd for å forsyne den lokale smelteverket med verdifull kraft. Grunna manglande nett vart kraftverka tilpassa stabil levering av kraft gjennom året, med lav effekt og høg brukstid, samt god lagring-/magasinkapasitet.

Eventuelle endra vilkår for manøvrering (ref. minstevassføring), som fleire av høyringspartane kommenterer på, vil måtte medføre annleis utnytting og disponering av reguleringsmagasin med påfølgande auka flaumtap og redusert flaumdemping. I tillegg vert det behov for etablering, drift og vedlikehald av fysiske arrangement for slepp av minstevassføring, som kan medføre nye inngrep i naturen. For gamle anlegg som desse, med ein stor del av reguleringsanlegget langt og høgt til fjells, utan vegtilkomst, vil det vere ekstra kostbart og krevjande å legge til rette for endra miljøkrav og drifte slike anlegg. Innføring av nye miljøkrav er enklare å tilpasse ved ei eventuell bygging av eit nytt Svelgen II kraftverk, fram i tid.

Både magasinrestriksjonar i seg sjølv og minstevassføringskrav vil påverke magasinkapasiteten og vilkåra for å levere fleksibilitet negativt. Med meir fornybar, uregulert produksjon i energisystemet knytt til «det grønne skiftet» vil behovet for, og verdien av, fleksibilitet frå eksisterande stor vasskraft auke, og såleis også dei samfunnsmessige kostnadene ved tapt fleksibilitet. Dette er ei vesentleg tilnærming som SVK meiner NVE særleg må vurdere og ta i vare i prosessen.

1.1 Kort om søknaden og mottekne fråsegn

Arbeidet med søknad om fornya reguleringskonsesjonar for kraftverka Svelgen I og II starta allereie tidleg på 2000-talet. I 2005 var ein søknad nokså nærståande, men vart ikkje følgd opp vidare. Sidan 2005 har ein regulert vassdraget på mellombels løyve. I 2013 starta den nye eigaren Svelgen Kraft oppatt arbeidet med å fornye reguleringskonsesjonane.

NVE sende konsesjonssøknaden ut på høyring den 6. juni 2017 med høyringsfrist 15. september 2017. Høyringsfristen vart utsett til 30. september for nokre av partane. Etter dette såg ein at nokre partar ikkje hadde fått informasjon om høyringa. Desse fekk høve til å uttale seg og det kom difor inn fleire fråsegn også etter 30. september.

Tabell 1 Mottekne høyringsfråsegner frå 12 partar.

Dato	Høyringspart
29.09.2017	Bremanger kommune
28.09.2017	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
22.09.2017	Sogn og Fjordane fylkeskommune
16.08.2017	Mattilsynet
09.06.2017	Statens vegvesen
24.06.2017	Fiskeridirektoratet
15.09.2017	Bergen Sjøfartsmuseum
06.09.2017	Førde Grunneigarlag
01.12.2017	Myklebust Grunneigarlag
01.12.2017	Sigdestad Grunneigarlag
14.12.2017	Universitetsmuseet i Bergen
21.12.2017	Grunneigarar i Bortneelva

2. Kommenterar til innkomne tema i høyringsrunden

Statens Vegvesen og Fiskeridirektoratet har ingen kommenterar til søknaden. Dei vesentlege momenta i uttalene har vi valgt å gjengi under. Sidan fleire av partane kjem med fråsegn knytt til tilnærma like moment, har Svelgen Kraft (heretter kalla SVK) valt å kommentere fråsegna etter tema og geografisk plassering.

2.1 Fråsegn om mogleg minstevassføring i elvar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Universitetsmuseet i Bergen og Bremanger kommune har kommentert forhold knytt til mogleg minstevassføring i ei eller fleire elvestrekningar.

Fylkesmannen meiner «*det vil vere viktig å kunne oppretthalde ein høg kraftproduksjon i ein ny konsesjon for Svelgen I og II kraftverk. Vi har vurdert behovet for slepp av minstevassføring til å kunne avgrensast til to elvestrekningar; Vingefosselva nedstrøms Vingevatnet, og lakse- og sjøaureførande strekning av Førdeelva i Ålfoten*».

«*I Vingefosselva er det organisert ferdsel i perioden mai-september, og Fylkesmannen ser på denne perioden som mest relevant for slepp av minstevassføring. Fylkesmannen ønskjer minstevassføring på 1m³/s når naturleg avrenning (uregulert) er høgare enn dette, og elles naturleg avrenning*».

Sogn og Fjordane Fylkeskommune legg fram desse punkta:

1) Det må for magasin Svelgsvatn, elvane Hjelmevatn-Ivervatn, Vingeavatn-sjø, og Svelgsvatn-sjø bli gjennomført ei konkret vurdering av økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av dei tiltaka som fagrapporten foreslår.

2) Det må også for dei tre omtala elvestrekningane i pkt. 1) vurderast kor stort vasslepp/auka vassføring som må til for å få ein tilfredsstillande økologisk tilstand i elvane og gjere dei til positive landskapselement. (...)For Vingeavatn-sjø meiner Fylkeskommunen at opplevingsverdien til helleristingsfeltet i Vingen er av spesiell betydning i høve slike vurderingar.

Fylkeskommunen skriv og at landskapsoppleving i høve helleristingsfeltet må tillegkast vekt. Det er av høg verdi å få tilført større vassmengder i elva gjennom turistsesongen.

Bremanger kommune «krev at det vert innført pålegg om minstevassføring i elva frå Vingeavatn til Vingen.»

Universitetsmuseet i Bergen skriv at «Vingen er blant de mest autentiske kulturminner i sin størrelse her til lands, beliggende i et området med svært få moderne installasjoner. Denne autensiteten er vi opptatt av å opprettholde, i tillegg til å gjennomføre dokumentasjon og sikring av alle forhistoriske kulturminner i dette området. Her minner vi dessutan om at Bremanger kommunestyres vedtak (0068/14); at det skal arbeides for å nominere Vingen inn på UNESCOs verdensarvliste for kulturminner. De naturlige omgivelsene blir lagt stor vekt på ved vurdering av slike søknader, av den grunn finner vi det også viktig, at kravet om minstevannføring i Vingefossen opprettholdes».

2.1.1 SVK sine generelle kommentarar

SVK har i søknadens kapittel 8 og tabell 12 grunngjeve kvifor det etter vår vurdering ikkje er samfunnsnyttig å sleppe minstevassføring på dei strekningane som er omtala i miljørapporten. Vurderingane er i hovudsak knytt opp mot desse forholda, men er ikkje utgreidd nærare m.o.t. økonomi enn det som kjem fram i søknaden:

- Tapt produksjon, redusert mengde fornybar energi og medførande auka CO₂-utslepp på kontinentet.
- Redusert regulerbarhet og magasinutnytting
 - o Krav om ein minimumsvasstand på eit tidspunkt på året før snøsmeltingsperioden er ferdig, vil føre til at vatn normalt produsert om vinteren må flyttast til sommaren og «tvangskøyrast» når behovet i marknaden er minst, fordi produsenten må gå inn i snøsmelteperioden med ein relativt høg vasstand. Lagringskapasitet blir redusert eller teke ut av bruk.
 - o Eit minstevassføringskrav vil, i tillegg til å gi redusert kraftproduksjon, ofte medføre tapt reguleringsevne på same måte som krav om minimumsvasstand. Ofte vil eit uttak av minstevassføring langt nede i magasinet være urealistisk både grunna høge installasjonskostnadar samt uforholdsmessig store inngrep i naturen. Om løysinga då skulle vere eit uttak høgt i magasinet, fordrar det at magasinet haldast på eit høgt nivå gjennom store delar av året for å kunne levere stabil minstevassføring. Slik vert verdien av den regulerbare krafta svekka. Regulerbarhet er den største mangelvara i det grønne skiftet.
- Tapt flaumvatn/auka overløp og påfølgande redusert flaumdempingseffekt og auka flaumfare. T.d. vil eit overløp i Hjelmevatn og vidare i Svelgen I-systemet auke risikoen lokalt for at vegen mot Sande må stengast (alternativ veg går gjennom industriområdet) og her er og ein fare for erosjon i bustadområde nær Svelgselva.
- Kostnader knytt til etablering og drift av tappearrangement, styrings- og overvakingssystem i område høgt til fjells utan vegforbindelse.
- Reduserte inntekter som konsesjonskraft til vertskommune og Fylkeskommune, samt reduserte skatteinntekter til Staten.

Søkker opplyser i tabell 12 om omtrentleg tap i produsert energi pr. år ved gjennomføring av tiltak knytt til minstevassføring på dei tre omtala strekningane. Totalt utgjer dette kring 25 GWh/år, ein potensiell reduksjon på rundt rekna 10 % av samla årleg produsert energimengde for dei to kraftverka. Vi understrekar at dette kann er volumet tapt energi og at tapt fleksibilitet som truleg er den mest vesentlege kjem i tillegg.

2.1.2 Kommenterar Vingevatn-sjø

For strekninga frå Vingevatn til sjø meiner SVK at ulempene nemnd over bør vege tyngre enn fordelene ved slepp av minstevatn knytt opp mot opplevingsverdien av landskapsrommet i sommarhalvåret, då området har ilandstigingsforbod og eit sparsamt besøk. Vi syner til omtala ulemper i søknaden side 44-45.

Den verna Vingelva (verneplan IV, 1993) renn ned i Vingelva like vest for Vingenfeltet. Vingelva utgjer ein stor synleg foss i landskapsrommet til Vingenområdet. Slik SVK ser det, er dynamikken i vassdragsnaturen i stor grad teken i vare med denne fossen, og gir ein balanse til den bruken som vassressursane i området har med den fråførte Vingefosselva. Vi legg og vekt på at det er eit ikkje ubetydeleg restfelt nedstraums Vingefosselva mot sjøen.

Økologisk tilstand for Vingefosselva (omtala Sør dalen i vann-nett.no) er med omsyn på fisk satt til dårleg basert på lokal kunnskap (dette er ei bratt elv utan minstevassføring). Det er ikkje utført prøvefiske i elva, men det kan vere sannsynleg at det kan vere fisk i dei to småvatna som ligg midt i strekninga (Sør dalen). I vassforvaltningplanen er Vingevatn ein «sterkt modifisert vassførekomst/SMVF» med moderat økologisk potensial. Det generelle miljømålet «god økologisk tilstand» er ikkje realistisk i ein slik vasskraftpåverka førekomst.

Av omsyn til kunn økologiske faktorar i denne elva er det uaktuelt for SVK å sleppe minstevassføring. Ei betring i økologiske forhold vil vere av marginal betyding som følgje av ev. krav om slepp av minstevassføring av omsyn til visuelle forhold. Dette gjeld også dei andre omtala elvane, som alle er bratte og har vore regulert i fleire ti-år. SVK trur at minstevassføring i eit økologisk perspektiv vil gjere lita nytte her.

Ein tilfredstillande økologisk tilstand som Fylkeskommunen ønskjer nærare utgreidd for desse tre elvestrekningane, vil fordre minstevassføring, men storleik på slik vassføring har vi ikkje utgreidd nærare pr. dato.

2.1.3 Kommenterar Hjelmevatn-Ivervatn

SVK syner til dei vurderingane som er gjort i søknaden kap. 8, og uttrykker i tillegg sterke motførestillingar knytt til eventuell minstevassføring frå Hjelmevatn, og medfølgande magasinrestriksjon vil gje eit stort produksjonstap.

Om Svelgsvatn-sjø, sjå kap. 2.2. Om Førdeelva, sjå kap. 2.3.

2.2 Magasin Svelgsvatn og Svelgsvatn-sjø

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har følgjande innspel knytt til Svelgsvatn:

1) *Det må for magasin Svelgsvatn, (...) og Svelgsvatn-sjø gjennomførast konkret vurdering av økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av dei tiltaka som fagrapporten foreslår.*

2) *(...) For Svelgsvatn ønskjer utvalet ei visualisering av landskap i høve vasstand. (...)*

2.2.1 SVK sine kommentar

Svelgsvatn:

SVK held fast ved dei vurderingar vi har gjort i søknaden og tabell 12, at det ikkje blir lagt opp til eit minimumskrav til magasinvasstanden i sommarperioden for Svelgsvatnet.

Vi vurderer på den andre sida at eit minimumskrav her ikkje vil vere sterkt negativt for kraftverksøkonomien, sjølv om flaumtapet vil auke. For ålmenta si oppleving og tilkomst til Svelgsvatnet meiner vi det kan være positivt å ligge noko høgare i magasinet.

Visualisering i høve landskap:

Det er laga magasinkart for Svelgsvatnet i samband med søknaden. Dette syner terrengkurver under HRV i god utstrekking. Det er i søknaden også lagt ved bilete som syner Svelgsvatnet på vasstand 220,29, 3 meter under normalvasstand (LRV = 214,0 lokal høgde).

Svelgsvatn-sjø:

SVK syner til dei vurderingane som er gjort i søknaden kap. 8. Strekninga har korte og bratte fossefall, men Storefossvatnet og Lisjevatnet ligg i mellom elvane og bidreg til at området nedstraums Svelgsvatn ikkje opplevast som heilt tørrlagd. Miljørapporten har vurdert at minstevassføring vil gjere lita nytte i eit økologisk perspektiv.

2.3 Førdeelva

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Førde Grunneigarlag har kommentarar knytt til Førdeelva:

«Fylkesmannen (...) har vurdert behovet for slepp av minstevassføring til å kunne avgrensast til to elvestrekningar; Vingefosselva nedstrøms Vingevatnet, og lakse- og sjøauførande strekning av Førdeelva i Ålfoten».

Førde grunneigarlag har for Førdeelva kommentarar som vedkjem konesjonsvilkåra og regulanten sin oppfølging av desse. Det gjeld «manglande utsetting av yngel til vassdraget etter ca. 1980» og i grunneigarlaget sitt syn også «manglande utføring av fysiske tiltak som konsesjonsvilkår uttrykkeleg gav påbod om». Førde grunneigarlag skriv at dei *«har bede om at det vert gjeve pengevederlag som tilsvarar dei utgiftene søkaren har spart ved å sløyfe pålagde fysiske tiltak (...)»*.

Frå deira fråsegn meiner SVK at det berre er det første avsnittet; *«økonomisk støtte til Førdevassdraget»*, som er relevant for fornyingssøknaden og soleis naturleg å kommentere i dette dokumentet.

2.3.1 SVK sin kommentar

Miljørapporten til søknaden har ikkje omtala minstevassføring til Førdeelva som eit aktuelt tiltak. Eit eventuelt minstevassføringsarrangement høgt til fjells vil vere svært krevjande å drifte, særleg om vinteren.

I høve etablering av eventuelle habitattiltak i Førdeelva, støttar SVK seg til UniMiljø LFI sitt notat frå 2015 (vedlegg i søknaden) som i utgangspunktet ikkje anbefalar biotopjusterende tiltak, grunngeve med elva sin høge fallgradient og hydromorfologiske forhold som vil medføre utvasking og utspyling av eventuell utlagt gytegrus, samt at skjulmoglegheitene for ungfisk allereie er gode. Ei gytefisktelling kan seie noko om korvidt vandringshiderert ca. 700 m oppe i elva begrensar produksjonsarealet oppstraums, og enkel fysisk tilrettelegging her kan truleg betre tilhøva for fisk. SVK er meir positive til denne typen tiltak, enn slepp av minstevassføring til Førdeelva.

Til Førde grunneigarlag sine fråsegn om Førdeelva, ref. stans i utsetjing av yngel og forhold knytt til gjennomføring av fysiske tiltak i elva/«økonomisk støtte til Førdevassdraget»:

Vedkomande departement (ref. Fylkesmann, NVE, Miljødirektorat) har ikkje, etter stansen av yngelutsetjing i ca. 1980, gjort nyare enkeltvedtak eller gjeve andre pålegg knytt til denne eller andre postar i reguleringskonsesjonen som gjeld Førdeelva. Regulanten har såleis ingen uteståande krav som ikkje er innfridd m.o.t. dette.

Som eit alternativ til pålegg om fiskeribiologiske undersøkingar har Elkem Energi/Svelgen Kraft vore med i prosjektet «Fisk i regulerede vassdrag i Sogn og Fjordane», som t.d.d. er leia av Fylkesmannen. Førdeelva vart undersøkt i 2002 og 2012. I tillegg har vi undersøkingar frå 1974 (Møkkelgjerd & Gunnerød 1975) og 2015 (Uni Miljø LFI/Gabrielsen og Skår, 2015).

Seinast i 2014 var søkar i dialog med grunneigarane i Førdeelva og fiskeforvaltarar hjå Fylkesmannen, der vi såg på moglege avbøtande tiltak (m.a. graving av høl som grunneigarane hadde ønskje om). Utfallet var at Fylkesmannen bad SVK om å utføre habitatkartlegging for å få betre kunnskapen om elva og vurdere aktuelle avbøtande tiltak. Kartlegging vart utført av UniMiljø/LFI. Fylkesmannen/Miljødirektoratet har mynde til å pålegge gjennomføring av slike undersøkingar, men kartlegginga vart likevel gjennomført som eit frivillig tiltak.

2.4 Bortneelva

SVK har på frivillig basis og i samarbeid med Fylkesmannens miljøvernavdeling, Vassområde Nordfjord, Bremanger kommune og Statens vegvesen gjennomført biotoptiltak i elva som inneber fysisk tilrettelegging for oppvandring, endring av straumtilhøve ved plassering av buner/straumsetjarar og store steinblokker, samt utlegging av «kålhodestein» for å auke skjulmoglegheit for fisk.

Bortnen Grunneigarlag skriv at *«oppfølging/overvaking av gjennomførte tiltak i elva er viktig»,* og at *«ei regulering som fører til ei varig endring av vassføringa, må ha med plikter som sikrar at konsesjonæren bidreg til anadrom laksefisk for framtida».*

2.4.1 SVK sin kommentar

Slik SVK oppfattar det har NVE høve til å gje vilkår i en ny konsesjon som legg til rette for den type oppfølgjande tiltak som grunneigarane tenkjer på her.

I høve dei allereie etablerte biotoptiltaka i Bortneelva, har SVK implementert tilsyn og vedlikehald gjennom SFE sitt internkontrollsystem.

2.5 Kulturminne

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Bergen Sjøfartsmuseum og Universitetsmuseet i Bergen har kommentarar knytt til kulturminne.

Fylkeskommunen meiner det er behov for å gjennomføre undersøkingar etter kulturminnelova § 9 Undersøkelsesplikt m.v., samt at elvestrekninga frå Vingeavatnet til sjøen kjem inn som eit særskild moment som må tillegkast vekt i vurderingane knytt til opplevingsverdien til det store helleristingsfeltet i Vingen.

Bergen Sjøfartsmuseum vurderer at det er potensiale for funn av verna eller automatisk freda kulturminne under vatn i planområdet. Dei krev at det vert utført undersøkingar av kulturminne under vatn.

Universitetsmuseet i Bergen (UmiB) viser til at Vingenområdet er viktig for museet, sidan dei har ei dobbeltrolle som eigar og forvaltar av forhistoriske og automatisk freda kulturminne. Dei ønskjer ei oppfølging av tidlegare opplysningar om neddemde helleristingar ved Vingenvatnet og å bistå med dokumentasjon og sikring av andre arkeologiske kulturspor som er rørd av vassdragsreguleringane. UmiB påpeikar manglar i Norconsult-rapporten om miljø og samfunn, fordi det ved skildring av kulturminner og kulturmiljø ikkje er nytta kjelder frå Riksantikvarens Nasjonale Bergkunstprosjekt (1996-2005), og at potensialet for funn av kulturminner ved Vingeavatnet såleis ikkje kjem godt nok fram. Dei støttar Fylkeskommunen sine ønskjer om kulturminneundersøkingar etter § 9, og er opptekne av å bevare autentisiteten til Vingenfeltet, samt å dokumentere og sikre kulturminner i området.

2.5.1 SVK sin kommentar

Den omsøkte fornyinga av konsesjonane er ei vidareføring av eksisterande vassdragsregulering i området og vår søknad medfører ingen nye inngrep eller tiltak på land eller under vatn i reguleringsområdet. SVK meiner difor at det ikkje er grunnlag for å gjennomføre ytterlegare kulturminneundersøkingar. Undersøkelesplikt etter § 9 ville slik vi ser det, vore meir aktuell dersom det var snakk om ny utbygging eller andre nye tiltak i vassdraget.

I dag er eventuelle kulturminner i/rundt Vingeavatnet i så fall råka av reguleringane i form av at vasstanden i vatnet endrar seg i reguleringssona i takt med kraftverket si disponering og det naturlege tilsiget av vatn gjennom året. Det er like fullt praktisk mogleg å gjennomføre kulturminneundersøkingar i/rundt Vingeavatnet i periodar når magasinet ligg lågt/er nedtappa.

I utforminga av søknadsdokumentet er det NVE sin mal for revisjonsdokument som er lagt til grunn. I denne malen er kulturminne eit tema under punktet om «erfarte skader og ulemper som følgje av reguleringa...». Dette har søkjer skildra i Norconsult-rapporten om miljø og samfunn, kapittel om kulturminne. Søkjar meiner kulturminne er tilstrekkeleg belyst her i den grad at vidare drifting av kraftverka/reguleringane ikkje medfører nye inngrep i området.

Når det gjeld denne fagrapporten og bruk av NIKU-notat (Halvorsen, et al., 2004), er vi samde i at det er beklageleg at nyare kjelder og informasjon knytt til Vingenområdet og kulturminnene her ikkje vart lagt til grunn då dei like fullt var tilgjengelege på tidspunktet som miljørapporten var skriven på.

2.6 Tilbakeføring av Langevatn til Ålfoten

Sigdestad Grunneigarlag ønskjer at vatnet som naturleg rann frå Langevatn (kote 368) mot Ålfoten, før overføring til Svelgen 1, vert tilbakeført i høve punkt 3 i avtale med Christiania Spigerverk datert 20.06.1966 og avtale av 03.04.1967.

Myklebust Grunneigarlag skriv at prosess med tilbakeføring av Langevatn må settast i gang snarast. Dei skriv og at fram mot år 2000 fekk Myklebust Grunneigarlag ein årleg sum som vederlag for tiltak og anlegg på deira eigedom, som eingongserstatning. Denne eingongserstattinga meiner dei berre omfatta konsesjonsperioden som no er utgått og ikkje konsesjonsperioden som no vert søkt fornya. Dersom det vert gjeve fornya konsesjon krev grunneigarlaget at det vert halde nytt skjønn for erstatning og at erstatninga vert tilpassa gjeldande normer m.v.

2.6.1 SVK sin kommentar

I konsesjonssøknaden vert det vist til at det ikkje er søkt om tilbakeføring av Langevatnet til Myklebustvassdraget per i dag, og at det vert søkt om tidsavgrensa reguleringskonsesjon i denne fornyingssaka. Det aktuelle nedbørsfeltet har god utnytting gjennom eksisterande magasin og utbygde fall i Straumane og Svelgen I kraftverk, og SVK ser på dette som den mest optimale og beste samfunnsmessige utnyttinga av Langevatn.

Når det gjeld erstatning/vederlag for fall er dette eit privatrettsleg forhold som ikkje er ein del av søknaden om fornya reguleringskonsesjon, men SVK ser det som naturleg at spørsmålet må forankrast i avheimla skjønn 18.01.1968 og tilhøyrande skjønnsføresetnader.

2.7 Drikkevatn og drikkevasskjelder

Mattilsynet, region Sør og Vest, avd. Nordfjord har kommentert:

I søknad om fornya reguleringskonsesjon, kraftverka Svelgen I og II, avsnitt 7.8.1 står det:

«Drikkevassforsyninga i Svelgen er også basert på uttak av vatn frå avløpet frå Svelgen II kraftverk.»

Tilsvarande står i vedlegg 8, avsnitt 10.1.2 om konsekvensar for miljø og samfunn:

«Smelteverket har eit jamt uttak av kjølevatn på ca. 0,8 m³/s heile året frå ein pumpestasjon knytt til avløpet frå Svelgen II. Frå same pumpestasjonen tek Bremanger kommune ut vatn til drikkevassforsyning for innbyggjarane i Svelgen. Drikkevassuttaket er på 0,015 – 0,020 m³/s.»

Bremanger kommune har oppgitt til Mattilsynet at Svelgen vassverk har reservevasskjelde i Svelgsvatn, og dermed moglegheit å ta ut vatn frå Svelgen I, der vatnet kan bli pumpa frå omtalt pumpestasjon. Mattilsynet vil derfor gjere dykk merksam på at drikkevatn kan gjelde meir enn avløpsvatnet frå Svelgen II kraftverk.

Søknaden har ikkje omtalt så mange konsekvensar for drikkevassforsyninga, anna enn at kommunen må finne ny drikkevasskjelde som erstatning av uttaket av vatn frå avløpet på Svelgen II (vedlegg 8, avsnitt 10.2.2). Det er også viktig å ta omsyn til eventuelle endringar i råvasskvaliteten. Auke i fargetal eller humus kan til dømes endre tilhøva for det eksisterande vasshandsamingsanlegget ved Svelgen vassverk. Vi vil generelt vise til drikkevannsforskriften. Det er mellom anna eit generelt krav om at det er forbudt å ureine drikkevatn (§ 4). Det er viktig å ta omsyn til dette for alle partar ved vidare drift av kraftverka.

2.7.1 SVK sin kommentar

SVK har behov for å klargjere dagens situasjon når det gjeld vassforsyning til Elkem Bremanger Smelteverk og Svelgen:

Vatn frå kraftverka i Svelgen vert nytta til kjølevatn og vassforsyning av Elkem Bremanger Smelteverk (EBS) og kommunalt vassverk for Svelgen. SVK og EBS har avtalefesta at SVK skal ha vatn tilgjengeleg til desse føremåla frå kraftverka; 1 m³/s tilgjengeleg i pumpekummen når det gjeld hovudvassforsyning. EBS forsyner smelteverksområdet med eige ledningsnett. Det kommunale vassverket får levert vatn frå ledningsnettet til EBS.

Forsyning av vatn frå kraftverka til EBS skjer slik:

1. prioritet: EBS pumpar vatn frå avløpstunellane til Svelgen 2 (Hjelmevatn) og Svelgen 4 (Storebotnvatn). Dette er normalsituasjonen for vassforsyninga.
2. prioritet: Vatn kan også bli levert som trykkvatn frå driftsrøyret til Svelgen 1 (Svelgsvatn).
3. prioritet: Vatn kan også bli levert som trykkvatn frå driftsrøyret til Fossekallen kraftverk (Lisjevatn, nedstaums Svelgsvatn).

Vatnet som vert fordelt igjennom ledningsnettet til EBS har gjennomgåande god kvalitet. SVK vil likevel peike på at det alltid vil finnast ein risiko for forureining når vatnet skal gå igjennom tekniske installasjonar som rørgater og turbinar. Avløpstunellane har utløp mot sjøen, ikkje høgt over flomålet. I vidare drift av kraftverka vil SVK ta omsyn til at drikkevatt ikkje må bli forureina, t.d. ved arbeid i/ved vassdrag/inntaksvatn som er drikkevassskjelde eller reservevassskjelde.

2.8 Ivaretaking av arbeidsplassar

Bremanger kommune skriv i fråsegnet sitt:

«Det bør også vurderast om det kan setjast krav til lokalisering av arbeidsplassar knytt til kraftverka».

2.8.1 SVK sin kommentar

SK oppfattar at det ikkje er vanleg praksis at det vert stilt vilkår i ein reguleringskonsesjon om kvar arbeidsplassar knytt til drift av kraftverk skal lokaliserast.

2.9 Støtte til friluftsansjasjonar

Bremanger kommune er positive til at det vert gjeve konsesjon for Svelgen I og II som omsøkt, med dei avbøtande tiltak som er foreslått av tiltakshavar. I tillegg meiner kommunen at det gjennom konsesjonen bør sikrast at Svelgen kraft er forplikta til å yte praktisk og økonomisk støtte til dei lokale friluftsansjasjonane som eit avbøtande tiltak.

2.9.1 SVK sin kommentar

Svelgen Kraft meiner økonomisk støtte er med på å skape gode forhold og samarbeid mellom regulanten og interessentar i lokalmiljøet. Det har vore gitt økonomisk støtte til mellom anna lokalt turlag og jeger- og fiskeforeining opp gjennom åra, frå både Elkem Energi Bremanger og frå noverande Svelgen Kraft. SVK er positive til å halde fram eit slikt samarbeid.

I naturforvaltningsvilkåra kan det leggjast inn ein post med årleg beløp for opphjelp av fisk/vilt/friluftsliv til kommunen (fond). Storleiken på eit slikt beløp er det NVE / OED som må vurdere.

Vi gjer Bremanger kommune merksam på at SFE (mellom anna som medeigar i Svelgen Kraft Holding) kan yte støtte gjennom sponsorsøknad. Her er det opp til dei lokale laga å sende inn søknad og bli vurdert for eventuell tildeling av sponsormidlar til ulike tiltak som gangar lokalsamfunnet.

Venleg helsing
Svelgen Kraft

Ola Lingaas

.....
Jan Inge Erdal
Dagleg leiar

for

Ragna Flatla Haugland

.....
Ragna Flatla Haugland
Fagleiar miljø